



Invitasjon til Nordring 2019 i Noreg

Noregs Ungdomslag ynskjer velkomen til inspirasjonskurset Nordring som arrangerast påskehelga i april 2019 i Noreg.

Tid: 18.-22.april 2019

Stad: Studenterhytta i nordmarka, Sørkedalen, Svartorseterveien 169, 0758 Oslo, Noreg

Pris: 2000,- NOK (inkluderer alt utanom reise frå heimstad til Oslo Sentralstasjon t/r)

Påmeldingsfrist: Tysdag 15.januar 2019 via påmeldingsskjema på denne sida:

<http://www.ungdomslag.no/aktivitet/folkedans/internasjonalt-samarbeid/nordlek/nordring-2019/>.

Nordring er ei kulturutveksling for ungdom i alderen 18-25 år der 6 personar frå kvart land og sjølvstyrte område møtes, 4 dansarar og 2 musikarar. Deltakarane lærer kvarandre tradisjonelle dansar, songar, musikk, leikar og påsketradisjonar frå sine eigne land og sjølvstyrte område. Dei får opplæring i kva Nordlek-organisasjonen gjer og kva arrangement organisasjonen drifrar. I tillegg lærer ein om alle landa sine organisasjonar, kva aktivitet dei har og korleis dei er bygd opp. Det vil også vera ei utflukt i området rundt Studenterhytta som vil gje deltakarane eit innblikk i den norske naturen og påsketradisjonen.

Deltakarane samlast torsdag 18.april på Oslo Sentralstasjon seinast kl. 15:00. Vidare organiserast det felles busstransport til Sørkedalen. Bagasjen blir køyrd heilt fram til hytta, medan alle deltakarane går 5 km på grusveg fram til Studenterhytta. Turen tek ca. 1 time og 15 min. å gå. Heimreise organiserast på same måte etter frukost 22.april, med vandring frå Studenterhytta til Sørkedalen og buss vidare til Oslo Sentralstasjon. Frå Sentralstasjonen må alle kome seg heim sjølv. Forventa ankomst Oslo Sentralstasjon er kl. 14:00.

Dette forventar me av deltakarane:

- Ha god kjennskap til, formidle og lære bort tradisjonelle dansar og/eller musikk frå sitt land
- Ha kjennskap til og fortelle om sitt lands organisasjon(ar) som er med i Nordlek
- Ta med og lære bort 10 songar frå sitt land
- Ha kjennskap til og formidle sitt lands påsketradisjonar

Dette treng deltakarane å ha med seg:

- Dansesko/instrument
- Danseinstruksjonar/noter
- Songtekster (songtekstar kan sendast til solveig@ungdomslag.no i forkant for utskrifter)
- Noko som beskriver dine påsketradisjonar
- Sekk til dagstur
- Varme klede (det er vinter i Noreg og me skal vera ein del utandørs), lue, votter, skjerf, ullundertøy mm.
- Gode utesko som kan gå på is og snø
- Innesko

Fullstendig pakkeliste vert sendt ut til deltakarane etter påmelding i januar.

Øvrig informasjon:

- Nordring er alkoholfri
- Språket er alle dei nordiske språka
- Samlinga arrangerast ikkje dersom færre enn tre land eller sjølvstyrte område er påmeldt
- Det er eit ynskje at deltakarane i Nordring er aktivt med på den nordiske sommarleiren i forkant av NORDLEK i Tampere 2021 og at dei leiar ungdomsdans og –musikk under sjølve NORDLEK-stemnet

Påmelding:

Påmelding må skje innan 15.januar 2019 ved at kvar enkelt person fyller ut eit påmeldingsskjema på denne sida:

<http://www.ungdomslag.no/aktivitet/folkedans/internasjonalt-samarbeid/nordlek/nordring-2019/>. Det blir sendt ut faktura for deltakaravgifta.

Kontaktperson

Solveig Brekke Hauknes (kulturrådgjevar folkedans, Noregs Ungdomslag)

E-post: solveig@ungdomslag.no, telefon: +47 473 98 764, www.ungdomslag.no